Bunadar frå Hallingdal

Bunadar og stakkar frå Hallingdal

Gamal tradisjon – ny inspirasjon

Hallingdal har lange bunadstradisjonar.
Dalen har eit rikt utval av bunadar og stakkar, og det er mange ulike lokale variantar.
Bunadane som no er i bruk, er ei vidareføring av den gamle draktskikken,
utan at alle dermed er direkte kopiar av tilsvarande gamle plagg.

I bunadsarbeidet har ein granska tekstilar på museum, eldre foto
og anna biletmateriale, som til dømes teikningar av Flintoe.
Skrivne kjelder og eldre forteljingar har og vore til god nytte.

Dei fleste bunadane som vi kjenner til i dag er frå på slutten av 1600 talet og fram til i dag.
Det vart nytta stoff som ein laga sjølv eller som ein etter kvart fekk kjøpt.
Klesskikkane har endra seg i alle år, og vart påvirka av motar frå Europa. Militæret påvirka og utforminga på kleda.

Stakkane og bunadane frå Hallingdal er populære festplagg.

Alle bunadane frå Husfliden Hallingdal vert produsert i Norge og
me kan tilby eit rikt utval av mønster, materialar og tilbehør.

Velkomen til Husfliden Hallingdal!

MANNSBUNAD
- Med kvit trøye -

Eldre bunadsmodell frå slutten av 1700 talet / byrjinga på 1800 talet.

Brodert jakke og bukse, og med raud vest.
Blir og kalla ”brudgomsbunad”,
men er ein festbunad på lik linje med
dei andre herrebunadene.

Hovudplagg er kolleluve

MANNSBUNAD
- Med svart trøye -

Kom i bruk på 1850-talet, og er den modellen som blir mest brukt i dag.

Dei blir sydd i tynt ullstoff – drapé – eller i klede, som er noko tjukkare.

Det blir brukt både kort og lang bukse.

Hovudplagg er hatt

MANNSBUNAD
- Med lang trøye / Fiskekjølke -

Den eldste herrebunaden i Hallingdal,
frå tidleg 1700-tal.
Særleg mykje nytta i nedre Hallingdal.

Vert sydd i svart klede med ei lengre jakke.
Det er valfritt stoff og farge på vest.

Det vert nytta både kort og lang bukse.

Hovudplagg er kolleluve eller hatt

HELGEKLEU

Helgekleu er frå slutten
av 1700-talet, tidleg 1800- talet.

Dei er tufta på gamle arbeidsklede og har same
bruksområde som stakk for damer.

Vest og lemmebukse, laga i ullklede.

Skjorte er laga i rutete bomull
med busserull-fasong.

Kvitsaum

Til herrebunadene vert det nytta skjorte i kvitt bomullsstoff, der krage og evt. mansjettar har kvitsaumsbroderi.

Kvitsaum nr 1.

Kvitsaum nr. 2

Kvitsaum nr. 3

Fyrierma

Fyrierma vert nytta på herrebunadane, samt på damebunadane, ved bruk av stuttrøye.

Dei er sydd på stramei med bunadsgarn og perler. Det finnes mange mønster og ofte vert initialer eller årstal sydd på.

Halsklut, Sløyfe

Ein brettar eit silketørklede i ein passe brei rull, legg den rundt halskragen og knyttar ein dobbeltknute framme. Endane legg ein på kvar si side.

I dag brukar mange ferdigmonterte halsklutar.

Herrebunadar

Mannsbunad
Svart trøye

Helgekleu

Mannsbunad
Kvit trøye

Mannsbunad
Fiskekjølkje

Sølv

Halsknapp med lauv

Halsknapp

Til karane er det vanleg med sølvknappar i to eller tre storleikar.

I halsen har ein ei kryssnål eller halsknapp. På skjorta kan ei nytte mansjettknappar.

Ein kan og ha kniv, lommeur og klokkekjede.

Kryssnål

Lommeur

Bunadskniv

Klokkekjede

Knapper

Attåt...

«Eg broki held..»

Bukseselar

Bunadspose

Til bunad høver det seg å nytte bunadssko.

Stell av bunaden

Etter bruk må støv, skitt og søle vekk så fort som mogeleg, det same gjeld for flekkar av ymse slag. Rens bunaden ved behov.

Luft bunaden i frisk luft.

Vask skjorte etter bruk og legg den vekk utan å stryke den.

Legg eller heng bunaden vekk i bunadspose og skjortepose.

Hugs møllkuler, då møll har vorte nokså vanleg att.

Husfliden Hallingdal AS
Sentrumsvegen 120
3550 Gol

Tel: 32 07 40 60

Epost: hallingdal@norskflid.no

www.norskflid.no/hallingdal

Design - Foto - Produksjon: Adrenalin Media/Rasmus Werner

Design - Foto - Produksjon: Adrenalin Media/Rasmus Werner